BRYNE VIDAREGÅANDE SKULE

# Informasjon om fagval for studiespesialiserande vg1

Torsdag 6. november 2025

# Kven er me?

- Elevansvarleg avdelingsleiar Randi Hadland:randi.hadland@skole.rogfk.no
92 08 70 34

- Karriererettleiar Tove Iren Lea:
tove.iren.lea@skole.rogfk.no
45 04 44 71

- Fagvalsansvarleg Ole Martin Hillesund:
ole.martin.hillesund@skole.rogfk.no
92 48 40 71







# Vg 1 ST 2025/26

- 6 klassar – 180 elevar frå 21 ulike ungdomsskular.
- Kontaktlærarane melder om kjekke klassar med gode læringsmiljø.
- God innsøking og lang venteliste! Karaktersnittet frå grunnskulen er høgt
- Utviklingssamtalar med føresette er planlagt i veke 48-50 (24/11-12/12). Kontaktlærarane kallar inn til desse.



# Kvifor er de her i dag?

- Sjølv om elevane går på vidaregåande, har det mykje å seie for dei at føresette viser interesse for deira skulekvardag.
- Dette påverkar både deira motivasjon, innsats, resultat og trivsel på skulen.
- Me veit at føresette spelar ei viktig rolle for kva elevane vel vidare i skuleløpet – og me vil kople dykk på tidleg.
- Ta gjerne kontakt med skulen om de har spørsmål eller innspel, både no og resten av skuleåret!



# Vurderingar dei neste vekene

- Framandspråk (munnleg) veke 44-46
- Engelsk (munnleg) veke 44-45
- Matematikk (skriftleg) veke 47
- Geografi veke 48
- Første termin er fram til 16/1 26
- Føresette som logger inn i InSchool må gå via lenken på heimesida for å få tilgang: https://bryne-vgs.inschool.visma.no/Login.jsp#/

• Vurderingsplanen er publisert på heimesida til skulen: https://www.bryne.vgs.no/hovedmeny/for-elevar/eksamen-og-vurdering/vurderingsplan/





# Fagoversikt vg1

- Matematikk 5t*
- Samfunnskunnskap 3t*
- Engelsk 5t*
- Naturfag 5t*
- Geografi 2t*
- Norsk 4t
- Kroppsøving 2t
- Framandspråk 4t

- Alle faga merka med stjerne er avgangsfag
- Elevane kan koma opp til eksamen allereie på vg1

# Ekstra oppfølging i fag

- Tilbod om leksehjelp i realfag på onsdagar frå 14.10.
- Elevane kan få undervisning på studieverkstaden i periodar av skoleåret. Tilbod i: matematikk, spansk, tysk, engelsk, norsk, samfunnskunnskap og naturfag.
- Intensivundervisning på våren: me søker om ressursar etter termin 1.



# Vg2: Vigo.no




**Søknad til vg2 studiespesialiserande:**

- Elevane vel programområde her. Dei har to ulike alternativ:
  - Realfag
  - Språk, samfunnsfag og økonomi (SSØ)
    - **Forslag frå 1. aug 2026: desse to programområda blir slått saman til eitt.**

Når elevane har valt eitt av desse, vel dei skule.

- Legg inn meir enn ein skule
- Deretter vel dei neste programområde, og legg inn nye skular

- **Søknadsfrist i Vigo til neste skuleår: 1. mars.**

# Valfrie programfag

Elevane skal søke om konkrete **programfag** her på skulen.

- Dette valet er uavhengig av søknad om skuleplass.
- Elevar som byter skule må altså søke fag på ny skule. På vilbli.no finn du informasjon om fag på ulike skular.

- På vg2 vel ein **tre** programfag, pluss matematikk. R1/S1 er programfag, 2P er ikkje programfag.

- **To** av desse må ein ha fordjuping i, altså gå vidare med på vg3.
  - For at me skal kunne garantere vitnemål, må elevane ha **tre** av faga innanfor sitt programområde.




# Val av matematikk

Elevane må velje 2P, S1 eller R1-matte.

Forslag om nytt mattefag: S1 ut, to nye fag inn (økonomisk matematikk).

Om ein vel R eller S-matte, kan ein velje det siste faget friare enn om ein ikkje vel fordjuping i matte, t.d. frå idrett.

# Korleis vite kva fag ein bør velje?

1. Kva fag liker du no? Kva fag meistrar du best?
2. Har du ein plan for kva du vil studere?
3. Treng du bestemte fag for å kome inn på studiet du vurderer, eller treng du berre generell studiekompetanse?

Generell studiekompetanse får alle med vitnemål ut frå vidaregåande skule. Dei fleste linjer krev ikkje bestemte fag. Du søker med **karaktersnittet** ditt. Det kan derfor vere lurt å velje fag du får det godt til i.





# Kva fag treng du til bestemte studium?

- Medisin, odontologi og farmasi: matematikk R1 eller S1+2/Fysikk 1/Kjemi 1+kjemi 2
- Ingeniør: matematikk R1+R2/Fysikk 1
- Mange realfagsstudium krev R1 (og evt + R2) og eit anna realfag i 2 år → sjekk på utdanning.no eller universiteta sine nettsider.
- For studium i utlandet, sjekk ansa.no

# Kva er realfag?

- Matematikk (R eller S) 1+2
- Biologi 1+2
- Kjemi 1+2
- Fysikk 1+2
- Geofag 1+2
- Informasjonsteknologi 1+2

- Du får tilleggspoeng for å velje realfag
- Les gjerne meir om faga på vår heimeside



# Språk, samfunnsfag og økonomi



- Matematikk (R eller S) 1+2
- Sosiologi og sosialantropologi / sosialkunnskap/politikk og menneskerettar
- Samfunnsøkonomi 1+2
- Økonomistyring + økonomi og leiing
- Marknadsføring og leiing 1+2
- Reiseliv og språk 1 + 2
- Psykologi 1+2
- Engelsk 1+2
- Rettslære 1+2
- Framandspråk nivå 3 i vg3 – nettbasert
- Morsmål nivå 3

* Les gjerne meir om faga på vår heimeside

# Utdanning.no

- Kva funksjonar finst, korleis kan du finne informasjon, og kva betyr det som står der?



# Verktøy på utdanning.no

- To særleg nyttige verktøy er karakterkalkulatoren og studieveljaren.



Namn på studium: Ofte seier namnet berre delvis kva studiet handlar om. Sjekk inne på kvart studium kva fag/retningar dei har.

Grad/nivå:

Studiestad:

Førstegongsvitnemål og ordinært vitnemål:

# Kva betyr det som står når du søker opp utdanningar?

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Bachelor i serviceledelse og markedsføring | Bachelor og høgskolekandidat | Høgskolen i Innlandet | GENS | Alle | Alle |
| Bachelor i Sport Management | Bachelor og høgskolekandidat | Høgskolen i Innlandet | GENS | 35.70 | 34.90 |
| Bachelor i økonomi og administrasjon | Bachelor og høgskolekandidat | Oslo Nye Høyskole | | | |
| Bachelor i Økonomi og administrasjon | Bachelor og høgskolekandidat | Handelshøyskolen BI | | | |
| Bachelor i økonomi og administrasjon | Bachelor og høgskolekandidat | Norges Handelshøyskole (NHH) | MATRS | 55.60 | 59.50 |
| Bachelor i økonomi og administrasjon | Bachelor og høgskolekandidat | Høgskolen i Molde – Vitenskapelig høgskole i logistikk | GENS | Alle | Alle |
| Bachelor i økonomi og administrasjon | Bachelor og høgskolekandidat | NTNU Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | | | |
| | Økonomi og administrasjon, Trondheim, bachelor | | GENS | 52.20 | 56.10 |
| | Økonomi og administrasjon, Gjøvik, bachelor | | GENS | 40.50 | 43.00 |
| | Økonomi og administrasjon, Ålesund, bachelor | | GENS | 44.50 | 45.00 |
| Bachelor i økonomi og administrasjon | Bachelor og høgskolekandidat | NLA Høgskolen | | | |
| | Økonomi og administrasjon, Kristiansand | | GENS | 33.80 | 34.10 |

Studiestader i større byar har ofte høgare snitt fordi fleire vil studere der

Kravkode: GENS = generell studiekompetanse, utan andre krav til fag. MATRS: Krav om S1+S2 eller R1. Trykk på kravkoden for å finne ut kva som krevst på kvart studium



# Lurer du meir på kravkodar?

- Samordna opptak har fullstendig oversikt over alle kravkodar: https://www.samordnaopptak.no/info/opptak/opptak-uhg/spesielle-opptakskrav/liste-over-kravkoder/

# Alt du trenger å vite om å studere i utlandet

Finn ut mer her



→ **Finn et land**

Hvor vil du studere?



→ **Finn et fag**

Hva er du interessert i?



→ **Livet som student**

Les studenthistorier

# Vg2 – svært få fellesfag

- På vg2 har elevane norsk, historie og kroppsøving med klassen sin – resten er programfag og framandspråk i blanda grupper.
- Dei andre faga på timeplanen vel elevane sjølv, men valet er ikkje heilt fritt.
- Alle fag som har undervisning samtidig, ligg i same *blokka* – ein kan berre ha eitt fag i kvar blokk.

| | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| C-blokk | R1 | S1 | 2P | | R1 | S1 | 2P | | | |
| D-blokk | Fysikk 1 | Geofag 1 | Biologi 1 | | Reiseliv og spr | Rettslære 1 | Øk.styring | Psykologi 1 | | |
| E-blokk | Kjemi 1 | Fysikk 1 | Informasjonsteknologi 2 | | Psykologi 1 | Engelsk 1 | Samf.øk. 1 | Mark. og led. 1 | Sos. og sosa. | |
| F-blokk | Biologi 1 | Kjemi 1 | | | Sos. og sosa. | Engelsk 1 | Mark. og led. 1 | Rettslære 1 | Psykologi 1 | Øk.styring |
| | | | | | Breddeidr. | Toppidr. | Friluftsliv | | | |

| | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| B-blokk | R2 | S2 | | | Mark. og led. 2 | Pol. og menn. | R2 | S2 | | |
| D-blokk | Kjemi 2 | Geofag 1 | | | Psykologi 2 | Engelsk 2 | Samf.øk. 2 | | | |
| E-blokk | Biologi 2 | Informasjonsteknologi 2 | | | Sos.kunnsk. | Øk. Og ledelse | | | | |
| F-blokk | Fysikk 2 | | | | Rettslære 2 | Psykologi 2 | | | | |
| | | | | | TY I+II | Breddeidr. | Toppidr. | Friluftsliv | | |

# Eksempel på blokkskjema

# Informasjon til elevane

- Frå 3/11: tilgang til filmar i Teams med presentasjon av ulike fag og klassevis informasjon om fagvalet
- Onsdag 5/11: Fagvalstorg
- Prøveval veke 47 – frist 21/11
- Endeleg val i veke 7 – frist 13/2



# Team for fagvalsinformasjon



# Døme på fagpresentasjon

- https://rfka.sharepoint.com/sites/BryneFagvalgVg1STogIF/Delte%20dokumenter/General/Filmer%20Realfag/VPF%20Matematikk%20S1.mp4



## Informasjon om fagval til vg1 studiespesialisering:

Nå nærmar det seg nokre viktige val du skal gjere for deg sjølve til neste skuleår. For det første må du finne ut kva linje du vil gå på til neste år. Du har to val:

- Realfag
- Språk, samfunnsfag og økonomi (SSØ)

Begge linjene vil gje deg generell studiekompetanse, som gjer at du kan gå vidare på høgskule og universitet.

Nokre studium har krav om bestemte fag for å kunne gå på desse. Det er særleg realfagslinjer dette gjeld, t.d. ingeniør, medisin, tannlege, veterinær, farmasi osv. Me snakkar då om spesiell studiekompetanse. Du må sjekke om den linja du vil studere ved har krav om spesiell studiekompetanse før du gjer valet ditt om kva fag du vil ha neste år og i vg3. Dette kan du gjere på www.utdanning.no for utdanningar i Noreg, og på www.ansa.no for utdanningar utanlands.

Fordjuping i framandspråk i vg3 (nivå 3) og alle realfag gir tilleggspoeng på vitnemålet ditt. Du kan maksimalt få 4 tilleggspoeng.

## Kva skal du velje?

Du skal velje eitt matematikkfag (2P, R1 eller S1), og du skal velje tre programfag utanom matematikk. Tre av faga du vel i vg2 må vere innanfor ditt programområde. Matematikk R og S er programfag på begge linjene.

I vg3 skal du velje tre fag, og to av desse må vere innanfor ditt programområde (realfag eller SSØ) og bygge vidare på fag du har hatt i vg2. Det er lurt å velje fag du liker og veit du vil trivst med.

# Elevkvardagen på Bryne vgs

- Bryne.vgs.no
- Facebook
- Instagram
- Snapchat





# Spørsmål?